

Kjekke dagar i 2.klasse.

12.05.2016



I dag var det potetsetjing i 2.klasse.

Jammen har det vore mykje kjekt som har skjedd desse finversdagane. Det er mange ting å finna på når ein har slikt ver. I dag då eg køyrde på jobb, treffe eg nokre spreke 8.klassingar. Det såg ut som dei skulle sykla til ungdomsskulen i Rosendal. På skulen i Uskedalen har dei flotte og lærerike dagar. Berre høyr kva 2.klasse har gjort i dag.



Godt og lærerikt arbeid.

I dag har dei hatt beøk av Sella Hjørnevåg, og saman med henne har elevane sett poteter i skuleåkeren. Ho hadde med seg setjepoteter, og elevane fekk gjere jobben med å få sett dei. Jammen flott lærdom i ei tid då

mange born trur potetene vert laga i ein fabrikk, eller veks i ein butikk! Sella og Alf hadde med seg frukt og eplejuice, og etter at jobben var gjort kosa dei seg med dette .

I åkeren har Sella også planta sukkererter, tomater, persille og løk. No skal 2. klasse stella med åkeren fram til ferien. Dei gleder seg veldig til å sjå det veksa. Prosjektet vert kalla for 'Frå jord til bord'.

Elevane og lærarane i 2.klasse vil takka Sella og Alf masse for at dei er med og gjer skuledagane så kjekke og interessanne.



Her lærer dei kunsten å bruka reiskapane.



Og etterpå var det kos med juice og frukt.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Hilde Bringedal.

